



OSMERRA

Smalspora tankar frå Osbanens Venner

Smale spor med bred omtale i lokalpressen!

To lokalaviser stilte kvinnesterke opp da Osbanens venner i fjor sommer flytta lokomotivet Os fra vognhallen på Os til Stend stasjon. Den ene avisen (bildet til høyre) ville ikke la oss gjengi artikkelen, den andre avisen, **Fanaposten**, har velvillig latt oss trykke artikkelen, som du finner inne i denne utgaven av Osmerra.



God sommer!

Sommeren er over oss. Det er 4. juni, i går hadde vi første dag med åpent på Stend stasjon for denne sommeren. Kjempevarmt i lufta og glade mennesker som nyter dagen. Kanskje for godt vær, det kunne godt kommet flere folk syntes vi. Kanskje folk prioriterte å dra på stranda eller å grille hjemme på terrassen?

Årets utgave av Osmerra foreligger herved. Jeg håper bladet faller i smak. Det har i alle fall vært morsomt å lage bladet. Noen bilder må stå over til neste gang, og noe a stoffet som var planlagt fikk ikke plass denne gangen.

Takk til Per Ivar som har levert mesteparten av bildematerialet til denne utgaven (som vanlig), og takk til redaktøren i Fanaposten som velvillig har latt oss gjengi Toril Berle Schalks artikkel fra Lokomotivflyttinga i fjor sommer. Slik holdning liker vi!


På lederplass vil vi også gratulere et av styremedlemmene som nylig ble observert hånd i hånd med et damebekjentskap! Tillykke!

Jarl A. Aspaker

Kjøp aksjebrev i Nesttun-Osbanen !

Originale aksjebrev frå Nesttun-Osbanen vart i haust trykte opp, med valørar på 100,- og 1.000 kroner. Aksjebrev vert selde til den pålydande prisen. Brev er redigerte litt i høve til originalen, slik at namnefeltet er blankt og kan fyllast ut med namn på ny kjøpar.

Dei originale underskriftene til Osbane-direktørane Krüger, Gade og Mowinckel er beholdne. Osbanens Venner har ein eigen aksjeprotokoll der nummer på aksje og namn på kjøpar vert ført opp.



Aksjebrev er flotte som veggpynt! Ved å kjøpa aksjebrev støttar du opp om foreininga sitt arbeid. Aksjebrev vert frå vår side også nytta som påskjøningar til personar eller verksemder som bidreg med spesiell innsats eller gaver til foreininga.

Ta kontakt snarast om du ønskjer å teikna aksjar. Du kan óg kjøpa aksjar på stasjonen når museet har ope.

Velkomen!

OSMERRA - medlemsblad for Osbanens Venner, Boks 87 Fana, 5859 Bergen.

Redaksjon: Per Ivar R. Tautra, pirtau@c2i.net - Tel 53415882 og Jarl Aspaker, jarl@aspaker.no - Tel 95812345.

Grafisk produksjon: jarl@aspaker.no - Leser du dette i år også bør du skaffe deg en hobby!

Osbanens fraktmerker

Som kjent var mye av trafikken på Osbanen godstrafikk. For å betale for frakten skulle publikum bruke fraktmerker som ble limt på godsens følgebrev, fraktbrevene. Fraktmerkene ble solgt ved stasjonene og hadde samme funksjon som frimerker, de anga at frakten / portoen for sendingen var betalt. Så langt er det registrert 22 forskjellige fraktmerker fra Osbanen. På museet Stend Stasjon er fire fraktmerker utstilt.

Denne oversikten er basert på Bjørn Hafstens noteringer, tidligere gjengitt i "Newsletter of the PARCEL STAMPS Study Group" i 1990-1991. For de som ikke er bereist i filatelens verden, taggingen oppgis i antall tagger pr. cm.

1. utgave, 1894

NESTUN OS-BANEN

Trykt i ark uten marginaler, sannsynligvis i to vertikale rekker. Hvert merke vil ha en eller to uperforerte sider. Tagget 11 1/4. Selskapets navn omgir valøren. Enkle ornamenter i typemetall.

Nr. 1	5 øre	svart på rosa papir
Nr. 2	10 øre	svart på blått papir

2. utgave, ukjent utgivelsesdato/år.

NESTUN OS-BANEN

Generell layout som forrige utgave, men med et delvis annet typesett. Tagget 12 3/4. Dette var den første og eneste utgave fra Osbanen med marginaler, slik at merkene framstår som perforert på alle fire sider.




Nr. 3	50 øre	svart på grønt papir
--------------	--------	----------------------

3. utgave, ukjent utgivelsesdato/år.

NESTUN OS-BANEN

Generell layout som tidligere, men med nytt typesett og ornamental ramme. Tagget 11 1/4 på to eller tre sider.

Nr. 4	50 øre	svart på grønt papir
Nr. 5	100 øre	svart på lys gult papir



4. utgave, ukjent utgivelsesdato/år.**NESTTUN-OS-BANEN**

Trykt i ark uten marginaler, trolig i to vertikale rader.
Hvert merke vil ha en eller to uperforerte sider. Tagget 11 1/4. Nå er selskapets navn skrevet NESTTUN-OS-BANEN, Nesttun med to T-er.

Nr. 6	5 øre	svart på blek blå papir
Nr. 7	15 øre	svart på hvitt papir
Nr. 8	20 øre	rød på hvitt papir
Nr. 9	1 kr.	svart på rosa papir

5. utgave, ukjent utgivelsesdato/år.**NESTTUN-OS-BANEN**

Trykt i ark av to vertikale rader med fem merker i hver rad, tilsammen ti merker i arket. Unntaket er 500-øres merket som ble trykt i en rad av fem merker. To merker er trykt omvent i forhold til de tre andre. Tagget 11 1/4. Det nederste av 500-øres merkene var uperforert på tre sider, de andre 500-øresmerkene var perforert på to sider. De andre merkene i utgaven vil være perforert på to eller tre sider.

Nr. 10	5 øre	svart på blått papir
Nr. 11	15 øre	svart på hvitt papir
Nr. 12	20 øre	rød på hvitt papir
Nr. 13	50 øre	svart på grønt papir
Nr. 14	100 øre	svart på hvitt papir med en vertikal rød strek gjennom merket
Nr. 15	500 øre	rød på hvitt papir (stor størrelse på merket)

6. utgave, ukjent utgivelsesdato/år.**NESTTUN-OSBANEN**

Samme arkarrangement som forrige utgave, men nå står alle merkene samme vegen i arket. Tagget 10 3/4.

Nr. 16	5 øre	svart på lys blått papir
Nr. 17	15 øre	svart på hvitt papir
Nr. 18	20 øre	mørk rød på grønt papir
Nr. 19	25 øre	gul på hvitt papir
Nr. 20	50 øre	svart på grønt papir
Nr. 21	100 øre	svart på lys rosa papir
Nr. 22	500 øre	rød på hvitt papir. (stor størrelse på merket)



No. 7 15 ØRE



No. 9 KR. 1



No. 13 50 Øre



No. 14 100 Øre

Illustrasjonene til artikkelen:

Illustrasjonene nr 1, 2, 3, 4, 5 og 9 stammer fra Hafstens artikkel i Newsletter of the Parcel Stamps Study Group.

Nr. 13 og 14 er hentet fra en av Skanfils auksjonskataloger.

Illustrasjonen på neste side er en albumsside fra John Fredriksens samling om Osbanen. Han har på siden angitt at merkene er fra 5. utgave, men de er alle fra 6. utgave. Redaksjonen har påført katalognumrene.

6.1.16



No. 16 5 øre



No. 18 20 øre



No. 19 25 øre



No. 20 50 øre



No. 21 100 øre



No. 22 500 øre

OSBANEN HADDE EGNE FRIMERKER FOR GODSFRAKT. DE VAR 2-BIDIG
ELLER 3-BIDIG TAGGET, MERKE I VALØR 15 ØRE FINNES OGSÅ. BEMERK
VARIASJON I FORMAT FARGE OG PAPIR. DISSE MERKENE ER FRA 5. UTGAVE,

Øyenvitneskildring fra kjele-ekslosjonen i 1920

Som nevnt i forrige utgave av Osmerra har vi kjøpt en øyenvitneskildring fra ulykka i 1920 der kjelen på "Bjørnen" eksploderte. Her gjengis teksten på brevkortet som er sendt med Bergensbanen 25. november 1920:

"Hr. ingeniør Just Svendsen,
Ark. Christiesgt. 4,
Trondhjem.

Skjolddalen 24.11.1920.

De vil sikkert fra Deres gjennomreise her sist sommer huske den smalsporede sekunderbane Nesttun-Os. Et av deres lokomotiver spang under et opphold paa Nesttun stasjon i luften med et forferdelig smeld. Med en utrolig kraft blev flere meget tunge jerndele slynget hundreder av meter bort fra aastedet. Fotografiapparatet gjorde sit beste for at fæste de

ynkelige rester av lokomotivet paa platen, men veiret var overskyet og vel mørkt. Jeg har lenge havt isinde at sende Dem disse billeder, som muligens vil ha interesse for Dem som fagmand.

Lokomotivet er bygget i Belgien og kostede dengang (ca 25 tilbake) Kr. 18000. Det nye, som nu er bestilt, maa betales med ca Kr 100.000,-

Med vennlig hilsen
Severin Tyse".

Her har altså avsenderen, Severin Tyse, trolig bosatt i Skjolddalen, enten selv vært tilstede da ulykken skjedde eller tilkommet like etterpå med sitt fotografiapparat. Det er interessant å lese at fotografiapparatet festet restene til **platen**. I ettertid het det lenge at bildet ble festet til **filmen**. I dag snakker vel de fleste av oss om at bildet lagres på **minnebrikken**...

Det er utrolig morsomt når slike skatter dukker opp. Selv om det finnes andre bilder fra ulykken er det artig å kunne innlemme disse flotte bildene i museet.



Årsmelding for Osbanens Venner 2006

Årsmøte og styre

Ordinært årsmøte i Osbanens Venner vart halde 30. mars 2006 på Stend jordbruksskule. Til stades var åtte medlemmer. Møtet gjorde mellom anna vedtak om at kontingenten for 2007 skulle aukast til 150 kroner. Ein auke i kontingenten må vera udiskutabelt etter at han har vore uforandra i snart ti år.

Styremedlemer og andre tillitsvalde etter årsmøtet:

Formann Egil Olav Jakobsen
(attval for 1 år)

Styremedlemer: Per Ivar R. Tautra
(attval for 2 år)

Oddvar Skre
(ikkje på val)

Ketil Aspevik
(ikkje på val)

Jarl Aspaker
(ny for 2 år)

Varamenn: Harald Midtun
(ny for 1 år, tidl.
styremedlem)

Kari-Lise Horn
Mathisen

(attval for 1 år)

Magnar Brekke
(ny for 1 år)

Revisor: Terje Melheim
(ny for 1 år)

Vara revisor: Dag Willgohs
(attval for 1 år)

Valnemnd: Årsmøtet gav styret
fullmakt til å fungera
som valnemnd.

Styret konstituerte seg i etterkant av årsmøtet. Ketil Aspevik har halde fram som kasserar og Per Ivar R. Tautra som skrivar.

Det har i meldingsåret vore halde fire styremøte (13/1, 16/3, 19/6 og 15/12). I tillegg har styret hatt fortløpande kontakt på telefon når det har vore behov for det. Tradisjonen tru



Egil ble gjenvalgt som formann

avslutta styret året med ein pizza-kveld på Dolly-restauranten på Kokstad, der lokalet er innreidd som trikke-kupear.

Opne dagar på Museet Stend stasjon

Det har i 2006 vore halde oppe muse-

um på Stend stasjon frå kl. 11 til 15 alle søndagar i juni og august. Til saman utgjorde dette åtte dagar. Opningstidene har vore dei same som i 2005 og føregåande år. På ordinære dagar med oppe museum i 2006 har me totalt hatt om lag 260 besøkjande. Det er ein oppgang sidan fjoråret, då me estimerte talet til 200. Totalt, medrekna spesielle arrangement, har me i 2006 hatt inne 290 besøkjande, eller 7 gjester per time.

Som i tidlegare år heldt me oppe museum ein dag under Kulturdagane i Fana. Søndag 29. oktober skreiv berre fem personar namnet sitt i gjesteboka. Det er til no dårlegaste resultat på ein kulturdag. Årsaka er at Osbanens Venner nok ein gong - det same skjedde i 2004 - var ramla ut av det offisielle kulturdag-programmet! I kombinasjon med uvanleg surt og kaldt ver var ikkje resultatet overraskande.

Eit spesielt arrangement gjekk av stabelen 16. september. Då arrangerte me "Landliggja på Stend", i samband med Kystsogevekene, og i samarbeid med Gaia Veteran og Historieverk-



Besøk av en ekte postekspeditør 16.9.2006

staden ved Hordamuseet. Ein veter-anbuss tok folk med frå Bergen Sentrum opp til Osbanen og Hordamuseet. Opphavleg var det meininga at også ein gamal fjordabåt skulle frakta passasjerar frå Bergen til Hordamuseet, men for dårleg påmelding gjorde at båtturen vart avlyst. Diverre var det berre om lag 20 personar som tok del på arrangementet, trass i at veret var nydeleg. At arrangementet var plassert på ein laurdag, som er typisk handledag for folk flest, kan ha verka uheldig inn. På Stend stasjon møttest veteranbuss og tog. Lokomotivet var "i full drift" og trekte osbanevogna med glade passasjerar fram og tilbake på den korte banestubben vår. Inne i venterommet vart det synt film og fortalt om banen. Og i postkupeen i vogna sat Vegard Bakka som vaskekte postmann og stempla postkort.

Nytt av året er at me har drive sal av vafflar, brus og is på alle opningsdagar gjennom heile sesongen. Det er eit tiltak me ikkje har drive sidan 1997.

Diplom-Is ble etablert i 1933, og da kan vi jo nesten forsvare å selge isen på Stend! Populært er det i alle fall!



Diplom-Is har velvillig lånt oss ein fryseboks. Is kjøper me i pakkar på daglegvarebutikk, og sel ut igjen med fortjeneste. Serveringa har vore eit populært tiltak.

Museet har i år ikkje hatt vitjing av skuleklassar. Derimot hadde me 11. mai vitjing av eit slektstreff.

Nesttun-Osbanen Brevhus har vore ope når museet har vore ope, men salet av frimerke har gått svært treigt.

I 2006 har seks personar fordelt vaktene mellom seg. Innbyrdes fordeling på kvar person varierte mellom ein og ni dagar. Som før har me operert med to og to vakter. Nokre dagar har me hatt tre. Særleg under arrangement med stor tilstrøyming av folk, er det absolutt naudsynt å vera fleire enn to.

Utført arbeid på stasjonen

I samband med at dei utleigde delane av stasjonsbygningen vart tømde ved nyttår 2005/06, var det høveleg å gjera ein heil del lenge påkrevd oppussingsarbeid før nye leigetakarar skulle flytta inn. Dei nye leigetakarane såg dessutan nytteverdien av arbeidet, og la også ned ein stor innsats sjølve. Kort oppsummert:

- Ny lås er montert i ytterdøra til gangen.
- To oljeomner er innkjøpte til utleigedelen.
- Skorsteinen er kontrollert av fagkyndig person og funnen i orden.
- Nytt toalett er installert. Det gamle var ikkje tett og lét seg ikkje reparera.
- Golvet i gangen var rote og er skifta.
- Ekspedisjonslokalet og kjøkenet i første-etasje er måla - både tak, golv, vegg og skåp.
- Nytt golv rett over trappa i andre-etasje.
- Ein kvadratmeter golv er skifta ut i den store salen i andre-etasje.
- Det er lagt ny panel i taket og på veggane i den store salen, til erstatning for gamle porøs-plater.

Det må gjevast honnør til dei to leigetakarane, Tirill Sæverud og Astrid Hillestad. Osbanens Venner kosta målinga, medan dei to leigetakarane sjølve tok jobben med å grunna og måla. Sentral i snikkararbeidet var Jarl Aspaker frå Osbanens Venner, han gjorde det meste.



Utedassen er på plass ved enden av sporet. En ekte ende-stasjon?

Ved brannsyn kom det for dagen at leigetakar (eller andre) ikkje kan ha keramikkomn ståande i kjellaren i stasjonen. Det var ei opplysning me i realiteten var glade for å få! For å løysa ny leigetakar sitt behov for å ha ein keramikkomn, valde me å byggja eit "uthus" ute på stasjonstomta. Uthuset vart plassert like ved dagens vestlege ende av jernbanesporet. Huset er bygt med den gamle ute-doen som førebilete og er kledd med Bergenskledning og måla i stasjonsbygningen sine fargar for å passa inn i miljøet på stasjonen. Innvendig er huset tomt. Etter samråd med leigetakar vil keramikkomn i framtida stå her. Jarl Aspaker gjorde ein stor innsats for foreininga ved å stå for oppføringa av huset.

Heile stasjonsbygningen treng sårt ny kledning og nye vindauge, som skrive i tidlegare årsmelding. Osbanens Venner har i meldingsåret innhenta tilbod på vindauge og kledning: samla pris for materialar og arbeid vil koma på heile 177.375,- . Det er ein uoverkomeleg kostnad for Osbanens Venner utan særskilt økonomisk støtte, og bidrag til prosjektet har difor vore inkluderte i søknadene om støtte til bygging av vognhall.

Vogna

Ein del mindre reparasjonsarbeid har vorte utført, mellom anna er ein bjelke skifta. Det er teke kontakt med tidlegare yrkesskulelærer Skjold Sørensen, som tidleg på 1990-talet stod for bygginga av understellet til vogna. Sørensen har teke på seg å leia arbeidet med å byggja rekkverk til plattformene på vogna. Når det arbeidet er utført, vil vogna endeleg vera "komplett".

Prosjekt vognhall

Ulike instansar - fond og bankar - har fått tilsendt søknader frå Osbanens Venner om støtte til bygging av vognhallen. Til no har me diverre utelukkande fått avslag. I skrivande stund er nye søknader på veg ut. Bygningskyndige har i 2006 vurdert grunnmuren etter tyskarbrakka og kome med framlegg til korleis vognhallen enklast og best kan reisast på tomta.

Utleige av lokale i stasjonen

Tidlegare leigetakar, keramikar Anne Bente Totland, forlét Stend stasjon 31. desember 2005. Me syner her til årsmeldinga for 2005. Hausten 2005 var det inngått avtale med brukskunstnarane Tirill Sæverud og Astrid Hillestad, som ønskte å ta over lokala og dela dei mellom seg. Frå og med januar 2006 har så Sæverud og Hillestad vore leigetakarar, på den måten at Hillestad har innreidd keramikkerverkstad i det gamle ekspedisjonslokalet i første-etasje, medan Sæverud har halde teikne- og måle-kurs i andre-etasje. Osbanens Venner har hatt ein felles leigekon-

trakt med dei to leigetakarane, men dei betaler kvar for seg. I oktober 2006 sa Sæverud opp leigeavtalen. Ein månad seinare søkte ho så om å få ny avtale, men då berre på det minste rommet i andreetasjen. Samstundes mottok Osbanens Venner søknad frå kunstnar Janne Skavhellen om å få leiga det store rommet oppe. Astrid Hillestad ytra samstundes muntleg at ho ikkje ønskte å endra på sin del av leigeavtalen. Styret har difor vedteke å gå med på ei tredeling, i tråd med dei innkomne søknadene. Samstundes har me innført å operera med ein kontrakt for kvar av dei tre leigetakarane. Utleigeprisen for kvart av dei tre romma er ved same høve justert, slik at samla inntekt frå no av er 1.400,- kroner i månaden. Kjøkenet nede vert rekna som felles bruksareal for alle fire partane; dei tre leigetakarane og Osbanens Venner.

Osbanens Venner har samstundes ytra ønske overfor samtlege av leigetakarane om å få meir liv i stasjonen. Det har utover i 2006 vore mindre aktivitet i stasjonen enn det me var førespegla på førehand. Ulike tilhøve har vore skuld i den reduserte aktiviteten.

Jernbanesporet

Det vart utpå vårparten skifta ut ei stor mengde sviller i sporet. Rimelege



sviller fekk me frå Drange Bruk. Dei hadde liggjande ein heil del impregnerert plank som eigentleg var feilkappa for ein annan kunde. Planken var i rett dimensjon for oss, og sikra oss nok sviller til å skifta ut i det meste av sporet. Seinare har me fått tak i fleire sviller frå Drange Bruk, tiltenkt forlenginga av sporet over brakketomta.

Ny singel er tømmt ut og fordelt utover i det meste av sporet. Det var relativt tynt med singel i delar av sporet frå før. Frå Fana Stein fekk me tiggja til oss 14 tonn singel gratis - og eit transportfirma køyrde singelen gratis til Stend stasjon.

Frå ein brukthandlar fekk me kjøpa eit stort parti ubrukta "dogs" (skjenespiker). Spikeren hadde lege på lager i mange år, og me fekk difor kjøpa heile partiet til svært gunstig pris. Halve partiet selde me så vidare til gruvemuseet på Stord. OBV rekna ikkje fortjeneste på vidareselet.

Det er gjort avtale om kjøp av 12 kg/m skjener frå stiftinga Lommedalsbanen i Bærum. Overtaking impliserer at Osbanens Venner må senda folk over til Bærum for å dra fram og klårgjera skjenene for henting. Skjenene er i god stand og av passende dimensjon for å byggja vidare på det sporet me har frå før. Operasjonen vert både enklare og rimelegare enn om me skulle henta skjener ned frå fjellet frå gamle Risnes Kalkverk ved Trengereid, som var planen tidlegare.

Me har vidare fått avtale med ein brukthandlar om sal av dei store 25 kg/m skjenene som i mange år har lege lagra på stasjonstomta. Salet vil finansiera kjøpet av lettare skjener.

Lokomotivet

I desember 2005 vart det slutta avtale med Os kommune om langtidslån av diesellokomotivet "Os", som sidan juni 1995 hadde stått parkert i vogn-

Ketil slår dogsen på plass med kirurgisk presisjon.

hallen på Osøyro. Meir om grunngravinga for å overta lokomotivet står å lesa i årsmeldinga for 2005.

Lokomotivet hadde ikkje vore starta etter brannen i vognhallen på Osøyro i 1999. I januar 2006 fekk me hjelp av Jon Grutle ved Bergens Tekniske Museum. Grutle tok eit overblikk over motoren, konstaterte at alle elementære delar var på plass og at dieselpumpa fungerte. To batteri á 12 volt vart seriekopl. Batteria var ei gáve frå Autoglass AS på Damsgård. Gamal diesel vart tappa ut og ny diesel fylt på. Startmotoren fungerte fint, men motoren gjekk ikkje skikkeleg i gang. Seinare på våren gjekk Sigvald Øpstad, pensjonert verksmeister frå Gaia Trafikk, over motoren. Han konkluderte med at loket trong nye glødepluggar. Nye pluggar vart tinga, og så gjekk Os Maskinering AS i gang med å dreia hylser til pluggane, slik at dei skulle passa inn i motoren. Øpstad tok så jobben med å skru pluggane på plass - og ein varm middag fekk han lokomotivet til å starta. Motoren gjekk då veldig fint - på alle seks sylindrane!

Datoen for flytting av lokomotivet til Stend stasjon vart laurdag 17. juni. Avgang frå Osøyro var 09.30, og ankomst Stend vart 10.15. Kvelden i førevegen var Osbanens Venner på plass på Osøyro og bygde provisorisk jernbanespor ut av vognhallen. Lokomotivet vart så forsiktig køyrt

for eiga maskin ut av hallen, etter kvart som spor vart lagt. Så stod det klart å til å heisast opp tidleg neste morgon.

Transporten gjekk knirkefritt, men hadde ikkje vore mogeleg utan uvurderleg hjelp frå tre ulike transportfirma, som alle stilte opp og ytte gratis tenester: Ask Transport A/S løfta opp lokomotivet på Osøyro, Os Maskin Transport transporterte loket til Stend, og Svanco Transport & Spedisjon lossa loket og plasserte det fint på sporet på Stend. Heile operasjonen var godt førehandsannonsert, og ein del skodelystne følgde prosessen, som også resulterte i store oppslag i både FanaPosten og Os & Fusaposten.

Seinare har me fått svært god hjelp av Tore G. Thorbjørnsen til å overhala lokomotivet. Han har spandert eit fullt dagsverk - og vel så det - på loket. Av arbeid som er gjort, kan nemnast at smøreolja på converteren er tappa ned til korrekt nivå, dieselfiltera er reingjorde, oljefilterhuset er reingjort og nytt filter er skaffa, og endeleg er det skifta olje på motoren. Det har elles gått med ein del tid rett og slett til å gjera seg kjent med maskina. Per Ivar Tautra har framskaffa ein heil del dokumentasjon på både motor og maskineri, og elles ein del kunnskap om korleis loket best skal handterast.

Koplingshovudet er på loket plassert for lågt, slik at det ikkje står korrekt i høve til bufferen på vogna. Ei mellombels kopling er laga, til bruk inntil vidare. Loket har trekt og skubba den gamle osbanevogna med passasjerar dei få metrane fram og tilbake på sporet utanfor stasjonen. Turen er kort, men likevel lang nok til å gi folk ein god smak av korleis det var å sitja i ei osbanevogn. Køyringa har vore kombinert med konduktør som deler ut billettar før avgang og så klipper billettane "undervegs". På dagar med ope museum har lokomotivet vorte eit svært populært innslag. Med tanke på tryggleiken har Osbanens Venner utarbeidd nokre enkle, men viktige, køyrereglar: Det skal vera minst tre ansvarlege til stades når toget vert køyrt: lokfører, konduktør og stasjonsmeister, kvar med sitt ansvar for å sjå til at folk ikkje oppheld seg i eller like ved sporet. Det er forbod mot å opphalda seg på plattformene på vogna under fart, og begge dørene i vogna skal vera lukka. Alt klart skal signaliserast med fløyte og flagg.

Loket treng nye ruter i bakveggen og å målast. Det er arbeid som skal prioriterast i 2007.

PR og informasjon

Internettssidene på www.museum-snett.no/osbanen/ har vore oppdaterte med opningstider og annan relevant informasjon. Som før ligg det óg ute ein del historiske opplysningar om banen. Nytt av året er at me har lagt ut fleire foto frå aktivitetane på stasjonen.

Informasjonsfaldaren har vore utlagt på mellom anna Hordamuseet og McDonalds i Rådalen.

Me har i sesongen hatt inne lysingar i Fanaposten og i Os & Fusaposten, der opningstider for museet har vorte gjort kjende.

Utstillinga som i 2002 vart oppretta på McDonalds hamburgerrestaurant i Rådalen, står framleis uforandra.

Informasjonsskilta ved osbanetraseen



Dei fem nedrivne skilta er enno ikkje sette opp att. Vedlikehaldsarbeid i stasjonsbygningen har vorte prioritert.

Medlemsbladet

Medlemsbladet "Osmerra" kom i meldingsåret ut med eitt nummer. Bladet hadde ny og frisk layout, og hausta ein heil del gode tilbakemeldingar. Innhaldet var skriva av Aspaker og Tautra, og Aspaker stod for redigeringa.



Ymse

Det har vore utført ein del rydding av kratt langs osbanetraseen ved Bergstø, eit framhald av det arbeidet som vart påbyrja hausten 2005.

Oddvar Skre representerte Osbanens Venner på eit møte i regi av Rådalen Nærmiljøforening 19. januar 2006.

Osbanens Venner hadde vinteren 2006 ein del korrespondanse med Statens Vegvesen i høve planane for bygging av ny gang- og sykkelveg langs eksisterande E39 forbi Storestraumen. Etter Vegvesenet sin opphavlege plan ville bygginga medføra at ytterlegare ei skjering av Osbanen vart rasert i den krappaste svingen ved Storestraumen. Osbanens Venner skreiv to brev til Vegvesenet,

etter at me ikkje var nøgde med svaret på det første brevet. Også kulturetaten i Os øvde ein heil del påtrykk, noko som førde til at Vegvesenet snudde i saka og vedtok å sprengja seg inn på innsida av vegen i staden. Frå Osbanens Venner si side vart det mellom anna peika på den unike verdien den aktuelle delen av traseen har - som urörd trasé med opphavleg profil gjennom ei markant skjæring.

Den gamle planen om ei samferdsleutstilling på Hordamuseet vart hausten 2006 realisert. Osbanens Venner stilte ut fleire gjenstandar til utstillinga, som kulminerte med arrangementet "Landliggja" 16. september, omtala tidlegare i denne årsmeldinga. I samband med utstillinga sette Osbanens Venner inn lysingar i både FanaPosten og Os & Fusaposten, med spørsmål om folk hadde eller visste om gjenstandar og foto frå Osbanen som foreininga kunne få låna og registrera. Lysingane førde til tre tilbakemeldingar. To av kontaktane var om materiell som nok ikkje var relatert til Osbanen. Den tredje som tok kontakt, var Rolf Bremar, eigaren av den gjenverande osbanevogna som enno står på Kismul. Bremar inviterte Osbanens Venner til å sjå over det han hadde av gjenstandar. Resultatet vart at me fekk deponert ein original koksomn, tre benkar, ei parafinlykt og eit emaljeskilt, alt saman stammar frå vogna som Bremar har ståande. Omnen har me pussa opp og mellombels stilt ut i vogna på Stend.

Foreininga har kjøpt eit klenodium på ein internett-auksjon: Eit brevkort frå 1920 med to pålima og tidlegare ukjende foto frå kjeleeksplosjonen på Nesttun. Avsendaren av kortet hadde sjølv skriva ei augenvitneskildring av eksplosjonen.

Per Ivar Tautra har gått gjennom alle gjenstandane som finst i Osbanens Venner si eige og utarbeidd ei førebels registreringsliste for museet. I lista er gjenstandane skildra, i tillegg til at det er teke med opplysningar om datering, bruksområde og

opphavlege eigarar, så langt slike opplysningar er kjende.

Økonomi

Sal av bøker, videokassetar, T-skjorter og postkort på stasjonen har i meldingsåret gjeve 5.777,- kroner i inntekter. Som vanleg er medlemsskontingent og husleige viktigaste inntektskjeldene. Me syner elles til rekneskap som vert framlagt på årsmøtet.

Av postkort har me framleis sju ulike motiv for sal, seks i svart/kvitt og eitt i fargar. Me har dessutan rikelege mengder av jubileumsskriftet frå 1994. Nokre eksemplar av videokassetten frå 1994 finst óg framleis på lager. Me har óg for sal opptrykk av originale aksjebrev i NOB og den lokalhistoriske biletboka "Fana og Ytrebygda i ord og bilete", som Liland Ungdomslag gav ut i 2002.

I 2006 fekk Osbanens Venner inn kontingent frå 73 medlemmer. Medlemstalet har dei siste åra halde seg nokså stabilt.

Sluttord

Styret vil som vanleg nytta høvet til å oppmoda fleire av medlemmene om å stilla opp og ta i eit tak for foreininga, anten som vakter når museet er ope, på dugnader, eller bidra med stoff til medlemsbladet. All hjelp vert godt motteke!

Til slutt ønskjer styret å takka alle som på ein eller annan måte har hjulpet til med å driva Osbanens Venner i 2006.

Viktigaste prosjekt i 2007 må vera å sikra midlar til dei store prosjekta våre: Bygging av vognhall og skifting av kledning og vindaug i stasjonsbygningen. Samla kostnader for prosjekta er budsjetterte til 377.000,- kroner !!

*Egil Olav Jakobsen
Ketil Aspevik
Oddvar Skre
Jarl Aspaker
Per Ivar Rotvoll Tautra*

Referat frå årsmøtet i Osbanens Venner 2007

Tid: Tysdag 27. mars 2007, kl. 19.00.
Stad: Møterommet under gymsalen på Stend jordbruksskule

Det møtte heile ti medlemer (Harald Midtun, Ketil Aspevik, Magnar Brekke, Rolf Sjursen, Svein Endresen, Paul-Martin Kronheim, Oddvar Skre, Kari-Lise Horn Mathisen, Egil Olav Jakobsen, Per Ivar R. Tautra).

1. Godkjenning av innkalling og sakliste.

w Ingen hadde merknader til innkallinga eller saklista.

2. Val av ordstyrar og referent.

w Til ordstyrar valde møtelyden Oddvar Skre. Til å skriva referat vart valt Per Ivar Tautra.

3. Årsmelding for 2006.

w Sekretæren las høgt opp heile årsmeldinga. Han kommenterte at meldinga var lengre enn normalt, men at det var eit resultat av at det i 2006 hadde skjedd meir enn vanleg i foreininga. For det andre kunne ei ekstra lang årsmelding kompensera noko for manglande medlemsblad.

Nokre få merknader kom:

w Til punktet om at Osbanens Venner var ramla ut av den offisielle kulturdag-brosjyra kommenterte Egil Jakobsen at han i ettertid hadde snakka med Kristin Schille-Olsen på kulturkontoret om aska. Ho hadde lova å få Osbanens Venner med i programmet neste år. Jakobsen ville dessutan ta ny kontakt med kulturkontoret når arrangementet nærmar seg.

w Faldaren som har vore utlagt på m.a. Hordamuseet treng å oppdaterast. Det kan med fordel lagast ei tidlaus utgåve.

w Nye skilt til å erstatta dei som vart vandaliserte, er klare for oppsetjing.

Andre merknader var av rein språkleg art. Og med desse innspela kunne årsmøtelyden godkjenna årsmeldinga.

4. Rekneskap for 2006.

w Kasserar Aspevik delte ut årsrekneskap for Osbanens Venner. Han gjekk deretter gjennom og kommenterte alle postane. Det kom ingen større kommentarar til rekneskapen, og Aspevik las opp revisjonsmeldinga frå Terje Melheim, som hadde gått gjennom rekneskapen og funne at alt var i orden og ryddig ført. Rekneskapen vart så godkjent med akklamasjon.

5. Val av styre, vararepresentantar, revisor og valnemnd.

w På grunn av at det på førre årsmøte ikkje lét seg gjera å velja ny valnemnd, hadde årsmøtet gjeve styret fullmakt til å fungera som valnemnd. Det vart gjort på same måten året før.

w Egil Jakobsen presenterte framlegget til nytt styre. Alle som stod på val, var spurde, og alle hadde dei sagt seg villige til å ta attval. Møtelyden tykte dei tillitsvalde hadde gjort ein god jobb og gav samtlege fornya tillit. Etter nyval har difor Osbanens Venner desse tillitsvalde:

Formann: Egil Olav Jakobsen (attval, vald til 2008)

Styremedl: Ketil Aspevik (attval, vald til 2009)
 Oddvar Skre (attval, vald til 2009)

Vararepr.: Harald Midtun (attval, vald til 2008)
 Kari Lise Horn Mathisen (attval, vald til 2008)
 Magnar Brekke (attval, vald til

2008)
 Revisor: Terje Melheim (attval, vald til 2008)
 Vara revisor: Dag Willgohs (attval, vald til 2008)

Styremedlemene Per Ivar R. Tautra og Jarl Aspaker stod ikkje på val i år.

Årsmøtet gav styret fullmakt til å fungera som valnemnd til neste årsmøte.

6. Kontingent for 2008.

w Sidan kontingenten nettopp var heva, med verknad frå og med inn-everande år, var dei frammøtte samde om at kontingenten for neste år bør vera uforandra. Altså vart det vedteke at kontingenten for 2008 vert på 150 kroner.

7. Budsjett og arbeidsprogram for 2007.

Arbeidsprogrammet vart til som ei idémyldring, basert mellom anna på moment som kom fram under gjennomgangen av årsmeldinga.

Årsmøtet slutta seg til at arbeidsprogrammet skal omfatta:

1. Oppføring av vognhall.
2. Skifting av bordkledning og vindauge stasjonsbygningen.
3. Lokomotivet - setja inn nye vindauge og måla karosseriet.
4. Utføra naudturftige reparasjonar på vogna.
5. Setja opp att dei fem informasjonsskilta som er rivne ned.
6. Halda open stasjon søndagar i juni og august pluss ein søndag under Kulturdagane i Fana.
7. Vedlikehaldsarbeid stasjonsområdet - slå gras, rydda, grusa, skifta sviller, ...
8. Sikra laget si monetære tuft - senda fleire søknader om støtte og finna alternative måtar å få inn peku-niære midlar på.



Oddvar - ikke særlig diSKREt... fotografert under dugnadsarbeid ved stasjonen

9. Registreringsarbeidet må halda fram. Gjenstandane må fotograferast.

10. Medlemsbladet "Osmerra" skal ut med eitt nummer i året.

11. Halda fram med å ta del i "Historieverkstaden ved Hordamuseet". Ei ny samferdsle-utstilling vil opna 2. september i år.

12. Verktøyet som stammar frå jernbaneverkstaden på Os, må pussast og målast.

Møtet hadde ein kortare diskusjon om kor vidt arbeid for å ta vare på den såkalla Bremar-vogna som står på Kismul, skulle vore med i arbeidsprogrammet, men ein kom til at foreininga slit med å få utført det som trengst for å ta vare på dei relikvia museet allereie har. Det vil difor ikkje vera rett å prioritera å ta tak i endå fleire store objekt på det noverande tidspunkt.

Eit framlegg om å delegera til styret å budsjettera innanfor dei rammene som foreininga sin økonomi og det

arbeidsprogrammet som årsmøtet no har utarbeidd som styringsreiskap, fekk tilslutning. Årsmøtet utarbeidde difor ikkje eit konkret budsjett. Styret må heller vurderer fortløpande kva som er forsvarleg å investera i.

Ymse.

Det kom spørsmål om status for Osbane-traseen ved gamle Rådalen stasjon. Oddvar Skre orienterte om kva som var skjedd i saka så langt. Veggen opp på sida av stasjonen vert utvida og delvis lagt om i samband med at Bergen Tomteselskap byggjer 200 nye bu-einingar i området. Den gamle forstøtningsmuren på nordsida av den tidlegare jernbanebrua er heilt fjerna av anleggsmaskinene. Der forsvann mellom anna steinen som det stod innhagd "1893" i! Mot sør brukaret er det fylt med masser ein meter opp. Problemet er at byantikvaren har godkjent tiltaket på basis av teikningar der det ikkje gjekk fram at veggen skulle hevast ein meter. Bergen Tomteselskap synest vera syndaren

her. Eit anna problem var at Osbanens Venner som interesseorganisasjon ikkje vart informert om at det skulle gjerast inngrep i traseen. Foreininga vart først varsla då eigaren av stasjonen tok kontakt.

Rolf Sjursen som er aktiv i Rådalen Nærmiljøforening, opplyste om at nærmiljøforeninga vil aktivisera seg for vassdraget og Osbane-traseen i Krohnåsen. Dei vil då trengja litt bistand frå Osbanens Venner.

Møtet vart så heva. Då var klokka rundt rekna 21. Deretter var det kaffi, vaflar, brownies og lefser å få - og alle tykte alt saman smakte veldig godt.

*Per Ivar Rotvoll Tautra
- referent*

Storstilt gave fra Bjarne Rieber!

I mars fikk Osbanens Venner en stor overraskelse i posten. En håndsrekning av de sjeldne, en helt utrolig god inspirasjon for å stå på videre i det viktige arbeidet med å ta vare på minnene etter Osbanen:

Bjarne Rieber skriver:

“Støtte til å redde minnene fra Osbanen.

Jeg har med takk mottatt brev av 12. mars med årsmelding og utførlig beskrivelse av problemstillingen med det videre arbeid Osbanens Venner foretar og ønsker å foreta i 2007 og fremover.

Jeg kan se og har vært på befaring tidligere i sommeren 2006 at man utfører et betydelig arbeid for å ivareta kulturminnene som ikke bare er for de av oss som bor på Stend/Hordnes men også for Bergen regionen som sådan.

Jeg er derfor glad for å kunne vedlegge en sjekk på kr 25.000,- og ønsker dere lykke til videre i arbeidet

Med vennlig hilsen Bjarne Rieber”.



Like før Osmerra gikk i trykken var Jarl og Egil på besøk hos Bjarne Rieber for å takke for gaven, og samtidig overrekke Rieber et aksjebrev som en synlig takk. Vi ble møtt av en svært imøtekommende og interessert Bjarne - som faktisk hadde et originalt aksjebrev fra Osbanen på veggen!



Gammel reklame pryder veggen



Når en ser bilder av de gamle stasjonsbygningene er det lett å legge merke til at reklamebransjen gjorde sitt ytterste også i hine hårde dager for å markedsføre produkter og bedrifter. Overalt der folk ferdest ble det satt opp reklame for alt mulig mellom himmel og jord, så også på stasjonsbygningene til Osbanen. Se for eksempel Ulven stasjon på bildet til høyre.

Et av styremedlemmene har lånt deler av sin samling med reklameskilt til museet, slik at vi kan pryde veggene med disse når vi har åpent. De skiltene som er innlånt er følgende: Tiedemanns Karvet blad, Ulefos Støpegods, Bolinders motorer, Uldvarefabriken Aasen, Mustads margarin, Standard skotøi, Trondhjem maskinagentur, Mandals reperbane, Ottensens chocolate, Telegrafstation / Rikstelefon - og Diplom-Is!

Når skiltene er på plass får en litt mere følelse av å leve i gamle dager igjen!





Tut, tut, tut, tut - toget går!

STEND: De siste årene har lokomotivet «Os» stått og støvet ned i en gammel vognhall på Os. Det kunne blitt slutten på historien for den slitne arbeidshesten fra Fana.

Av Toril Berle Schalck, Fanaposten

I stedet ble det begynnelsen på en ny historie. Nå har lokomotivet kommet «hjem».

Lørdag ble det gamle lokomotivet fraktet fra Os til Stend Stasjon. Det var Osbanens Venner som fikk idéen om å frakte det nedstøvede og bortlagrede lokomotivet fra Osøyri til

Stend stasjon.

Å flytte et gammelt lokomotiv på åtte tonn, er imidlertid ikke gjort i én håndvending. Sterke karer fra Transportfirmaet Ask sørget for å få løftet

lokomotivet på traileren på Os stasjon. Geir Nybøe fra Os Maskintransport hadde ansvaret for å få fraktet den dyrebare lasten fra Os til Stend, og der ventet Jan Ove Johannessen fra Svanco Transport med en kranbil. Med 20 års erfaring har han løftet på mye forskjellig i sin karriere.

Det er første gang jeg har løftet et lokomotiv, medgir han.

lidsjelene i Osbanens Venner stod med hjertet i halsen da den åtte tonn tunge lasten svede over dem. Da lokomotivet endelig sto på trygg grunn på skinnene på Stend Stasjon, var det full applaus.

Dette er en stor dag, sier Jarl Aspaker i Osbanens Venner andektig.

Arbeidshest

Lokomotivet «Os» bærer preg av at det har vært gjennom mye. Det var Fana kommune som fikk toget levert sent på høsten 1967. Det store lokomotivet var litt av en arbeidshest og var i tjeneste for Fana og senere Bergen kommune i mange år. «Os» har fraktet ut tonnevis med stein-

masser i tunneler for vann og kloakk i blant annet Skjoldabukta, Nordåsdaalen og Storetveitmarkene.

Arbeidshesten fra Fana ble etter hvert stuert bort Seimskaien i Arna helt til begynnelsen av 90-tallet. Da var det noen som kom på tanken om at noe av anleggsmateriellet til Bergen kommune burde taes vare på. Os kommune fikk lokomotivet og tanken var at det skulle skape liv og røre på et planlagt Osbane-museum på gamle Os stasjon. Først skulle lokomotivet imidlertid få en ansiktsløftning. Askøy Videregående skole tok på seg arbeidet med opprustningen. På verkstedet til Mjellem og Karlsen fikk lokomotivet nytt overbygg og nytt lukket førerhus. I stedet for den anleggsgule fargen, ble toget nylakkert med rød ramme og grønt overbygg. Lokomotivet ble døpt «Os» og fikk et flott navneskilt. Overrekkelsen til Os kommune ble markert med pump og prakt og fyldig dekning i lokalavisen. Pensjonisttilværelsen for lokomotivet så lovende ut. Slik ble det imidlertid ikke.

I veien

I 11 år har lokomotivet blitt stående på Os. Det planlagte Osbane-museet, ble det ikke noe av. Lokomotivet fikk

hard medfart av en brann i den gamle vognhallen, der blant annet alle rutene knust. Det ble ikke noe liv og røre rundt lokomotivet. Til slutt stod det mest i veien. Da Osbanens Venner tok kontakt med Os kommune med spørsmål om å få låne lokomotivet på Stend stasjon, var de ikke vanskelige å be.

Ildsjelene i venneforeningen hadde store ambisjoner for den avdankede arbeidshesten fra Fana. Ikke bare skulle lokomotivet fraktes fra Stend til Os, men det skulle kjøre også. John Grutle fra Bergens Tekniske Museum og Sigvald Øpstad, pensjonert verkstedsmann fra rutebilverkstedet på Os, tok utfordringen og fikk fart på lokomotivet. Alt arbeidet med transport og opprusting av motoren, har blitt gjort på dagnad.

Litt medtatt

Ikke rart at arbeidshesten fra Fana ser litt medtatt ut der han står på Stend stasjon. Men for Jarl Aspaker og de andre i Osbanens Venner, kunne det like gjerne vært selveste kongen som stod foran dem.

Dette er en merkedag i Osbanens Venner sin historie, sier Aspaker med stjerner i øynene.

Nå skal det kjøres tog!

Per Ivar Tautra hopper opp i førerhuset. Glødelampen lyser. Han vrir på startspaken. «Os» harker litt i dieselmotoren. Per Ivar setter den i gir, og der er vi i gang. Det knirker litt i instrumentene, men det går unna. Idet lokomotivet nærmer seg slutten av skinnene, går det et gufs igjennom forsamlingen på sidelinjen. Det går bra. Den gamle arbeidshesten fra Fana vet å stoppe i tide.

Den gamle togvoggen ble koplet til og Ragnhild (8,5), Margrete (6,5) og Ingeborg (2) Skretting Solberg var med på jomfruturen. Det ble flere turer frem og tilbake denne formiddagen. De bor i nærheten og ville hilse på den nye naboen sin.

Det er veldig bra at lokomotivet har kommet hit. Da kan vi ha noe fint vi kan gå og se på, smiler Ragnhild.

Nå skal endelig lokomotivet få den pensjonisttilværelsen man drømte om for 11 år siden. Alle søndager i juli og august, vil det være mulig å få seg en liten togtur på Stend Stasjon.



Siste lokomotiv ut av vognhallen:
Oddvar Skre og Jarl Aspaker
er fornøyde!



Din stasjon langs Osbanen..

ER-AN

OS - 9.9 KI BERGEN - 25.4 KI

H.o.H. - 57m



	Byvnr.	920	5212	ER-AN Auto AS
Telefon	56	30	71	75 (butikk)
Telefon	56	30	71	60 (vekst.)

